



KVINNHERAD  
K O M M U N E

Vatn og avløp

Øyvind Gjærde  
Gullhaugvegen 9

5458 Arnavik

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Egil Eide	993 56 126	2019/772-28		25.09.2020

## Informasjon til parteigarar av Fatland Vassverk - 206/11

Viser til pågåande prosess vedr. mogleg kommunal overtaking av Fatland Vassverk.

### Bakgrunn:


Kvinnherad kommune mottok 20.02.2019 bekymringsmelding frå Fatland Vassverk vedr. vasskvalitet som ikkje var i hht krava i Drikkevassforskrifta. Fatland Vassverk nemner i denne meldinga om kommunal overtaking kan være ei løysing. På grunnlag av dette starta Kvinnherad kommune eit forprosjekt for å sjå på moglegheiter til å få ein vasskvalitet etter gjeldande krav. Den 20.06.2019 vart det sendt ein førespurnad frå Fatland Vassverk til kommunen om overtaking av det private vassverket. Etter dette har det vore dialogmøter mellom kommunen og vassverket, samt eit informasjonsmøte retta mot parteigarane der kommunen deltok.

### Forprosjekt

Prosjektet tok utgangspunkt i fleire alternativ, blant anna å bora etter grunnvatn. Kommunen har valt ut alternativet med sjøleidning frå Landamarka via Arnavik til Kjekavika, som den mest økonomisk fordelaktige løysinga på sikt. Prosjektet er kostnadsrekna til ei investering på NOK 8,9 mill.

### Forslag til kommunal overtaking

Kvinnherad kommune sendte eit forslag til Fatland Vassverk 23.04.20 med vilkår for ei eventuell overtaking. I dette dokumentet er det satt opp at alle parteigarar må bidra med eit anleggsbidrag, som er differansen som har vore mellom kommunal abonnent og parteigar hos Fatland Vassverk. I tillegg kjem kommunale gebyr i hht gebyrregulativet.



#### Anleggsbidrag:

Differansen mellom abonnent hos Kvinnherad kommune og Fatland Vassverk frå 1998 til 2020 pr. eining, omgjort til 2020 kroner: NOK 35.338,-

Definisjon på eining i hht *Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Kvinnherad kommune §2*:

Med eining i denne forskrifta er meint bueining, næringseining eller andre einingar.

- a) Bueining er husvære med separat inngang, eit eller fleire opphaldsrom og i tillegg eige bad/WC og kjøkkendel, som vert nytta til bustad eller fritidsbustad. Offentlege omsorgsbustadar vert rekna som bueiningar. Frittstående garasjar, mindre uthus o.l. inngår som del av bueining, når dei naturleg tilhøyrar denne.
- b) Næringseining er sjølvstendig lokale nytta til næringsverksemd eller offentleg verksemd. Hybelhus og landbruk, herunder utleige av hytter, kjem inn under næringsverksemd.
- c) Andre einingar er einingar som ikkje er bueining eller næringseining, t.d. båthamner, naust (eit naust kan ha fleire einingar), campingvogn m/spikertelt m.m.

I tillegg har Fatland Vassverk eit bankinnskot på NOK 100.000,- og eit banklån på NOK 496.737,-. Dette vert løyst slik: Kvinnherad kommune overtar innskot og lån, men differansen vert fordelt pr. abonnent. Noko som pr. 25.09.19 ville utgjera ca. NOK 6.200,- Denne summen vert justert etter saldo på lån/bankinnskot på overtakingsdatoen.

**Samla eingongs gebyr/bidrag:**

Anleggsbidrag:	NOK	35.338,-	
Avslutting av Fatland Vassverk sitt lån:	NOK	6.200,-	
Tilknytingsgebyr til kommunalt nett:	NOK	7.837,50	(NB gebyr regulativ 2020)
Samla eingongs sum:	NOK	49.375,50	

Ved ei eventuell overtaking vil alle parteigarar verta kommunale abonnentar, og då vil *Standard abonnementsvilkår* og *Forskrift om vass- og avløpsgebyr i Kvinnherad* vil då vera gjeldande. Økonomisk vil dette bety for kvar abonnent, i hht gebyrregulativet for 2020:

Leige av vassmålar, årleg inkl. mva. (0-25mm)	NOK	281,26
Årleg abonnement inkl. mva.	NOK	1.645,88
Forbruk etter målt mengde pr. m <sup>3</sup> inkl. mva.	NOK	20,31

**Vedtak i Fatland Vassverk**

I årsmøte 14.08.20 vart det samrøystes vedteke at Fatland Vassverk går for forslaget til kommunen. I ekstraordinært årsmøte 04.08.20 vart det med 38 mot 12 røyster vedteke at Fatland Vassverk vert nedlagt ved eit eventuell politisk vedtak om kommunal overtaking.

**Overtaking**

Det er Kvinnherad kommunestyre som eventuelt vedtek ei kommunal overtaking, og målsetting er at dette vil gjelda frå og med 01.01.21. Denne saka skal opp i tre politiske organ i løpet av hausten: Plan, Teknikk og Miljøutvalet – Formannskapet og til slutt Kommunestyret. I saksframlegget vert det lagt opp til at alle eksisterande abonnentar vert med over til kommunal forsyning.

**Etter overtaking**

Når leidningsnett er overteke av kommunen, vil dette vera offentlege leidningar. Dette betyr at VA-norm for Kvinnherad kommune vert gjeldande, samt Plan og Bygningslova §27-1:


*Når offentlig vassleidning går over eigedomen eller i veg som støyter til den, eller over nærliggjande areal, skal bygning som ligg på eigedomen knyttast til (eller bli værande tilknytt) vassleidningen. Vil dette etter kommunens skjønn vera ein uforholdsmessig stor kostnad, eller særlege omsyn tilseier det, kan kommunen godkjenna anna ordning.*

Med uforholdsmessig stor kostnad, er denne grensa satt til NOK 200.000,- i Kvinnherad kommune. Ved kostandar over dette skal alternativ vassforsyning vurderast i kvart tilfelle.

VA-norma for Kvinnherad kommune regulerer grensesnittet mellom privat eigd vassleidning og kommunal eigd vassleidning:

- Kommunen sine leidningar må forsyna minimum 2 eigedomar.
- Abonnenten eig stikkleidningen til og med tilknyttinga (for eksempel anboringsklammeret) på kommunal leidning.

For Dykkar eigedom vil det bety at vassleidningen som er merka med gul ramme er eigd og drifta av eigedomen 206/62:



### Grunnavtalar

Før kommunen overtar leidningsnettlet til Fatland Vassverk må det på plass grunnavtalar der desse leidningane ligg. Kvar einiskild grunneigar vert tilskriven med forslag til grunnavtale og tilhøyrande kart. Dette vert sendt ut i løpet av hausten.

Med helsing

Egil Eide  
*Einingsleiar Vatn og avløp*

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.*